



# Vang kommune

## Landbruk/teknisk etat

Thor Østbye

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LUNING -18/68 -22

Arkiv:

K01

Vår dato:

28.10.2019

## Referat frå møte 10.10.19 og telefonsamtaler i etterkant – naturmangfald og catskiing

Til stades:

Thor Østbye (naturfotograf og naturkjennar)

Ingeborg Lunde (Vang kommune, referent)

### Bakgrunn for møtet

I arbeidet med å fastlegge lokal forskrift for kommunale løyper for catskiing skal ein ta omsynet til naturmangfaldet og gjere vurderingar basert på naturmangfaldlova sine miljørettslege prinsipp. Sakshandsamar har undersøkt artsdatabanken sine kart med registrerte observasjonar i området, men ser at det er naudsynt med meir informasjon for å ha tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Sakshandsamar har vore i kontakt med statens naturoppsyn i Vang i Valdres og fekk råd om å kontakte Thor Østbye. Thor Østbye er naturfotograf og naturkjennar, han sit på ein unik kunnskap med naturobservasjonar over mange år i Vang.

Tema for møtet var prøveordninga catskiing og omsynet til naturmangfald.

Lunde presenterte traseane for catskiing og kart frå artsdatabanken over registrerte artar i området rundt beltebiltraseane. Østbye kunne informerte om at det i hovudsak vil vere fjellrypa og lirypa som kan bli påverka av beltebilane i samband med catskiing.

Østbye gjekk gjennom status for fleire dyreartar i Vang:

- Trekkfuglar er stort sett ikkje på plass før i midten av mai
  - Jerv, ulv og bjørn høyrer ikkje til i Vang, men kan streife forbi. Dei er i utgangspunktet skogsdyr.
  - Gaupa høyrer til i Vang, men er eit skogsdyr.
  - Rovfugl som kongeørn, fjellvåk og tårnfalk er ikkje aktuelle hekkeartar i dei områda der det er tenkt beltebilløype for catskiing.
  - Fjell- og lirype høyrer til i begge områda der det er planlagt beltebilløype for catskiing. Fjell- og lirypa held til i området heile vinteren, tidleg på våren blir rypeflokkane løyst opp og rypesteggane startar kampen om å hevde sine territorie. Deretter er det danning av par før hekking. Ut i frå Østbye sine observasjonar ser han at danning av par allereie er i gang i starten av april. I denne perioda er steggen spesielt aktiv og det er ei stressa tid for han. Høna er meir roleg og fokusert på mat og ro.
- Hekkeperioda er i slutten av mai, litt avhengig av snøforhold. På bakgrunn av dette føreslår Østbye å avgrense periode for catskiing til 15. april i omsyn til den stressande tida med territoriehevding og danning av par.

I etterkant av møtet har Østbye vore i kontakt med forskerar, Norsk ornitologisk foreining avd. Oppland og Fylkesmannen for meir informasjon om kva verknadar det har på rypa å bli forstyrra tidleg på våren. Ut i frå tilbakemeldingane her er det lite forsking rundt dette temaet, og det kan vere naturleg å støtte seg på føre var prinsippet då fjell- og lirype er raudlisteartar. Østbye fekk interessant informasjon frå Hans Christian Pedersen, seniorforskar for NINA. Han har gjort registreringar av rypebestanden på Dovre. Pedersen ser ut i frå desse registreringane at rypa er robust mot forstyrringar tidleg om våren. Dersom rypa blir forstyrra flyg den ofte vekk til område som det er lite ferdsel i, typisk bratte lier/fjellsider. Når forstyrringa/ferdselen er over kjem rypa tilbake til sitt territorie. Ein ser at rypa kan fly bort på dagtid og at den kjem tilbake på kvelds- og nattetid. Basert på dette må ein ved vurdering av catskiing og kva verknad det har på rypa tenke på samla belastning i området og om det finnes områder i nærliken av beltebiltrase som egnar seg for å rypa å gøyme seg. Østbye presiserer at 15. april slik han føreslo i møtet ikkje er ei eksakt grense, og ut i frå tilbakemelding frå Pedersen om robuste ryper ser han at ein kan strekke det mot 20. april.

Med helsing

Ingeborg Lunde  
Arealplanleggjar  
Dir. tlf.: 61369484  
E-post: [ingeborg.lunde@vang.kommune.no](mailto:ingeborg.lunde@vang.kommune.no)

**Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.**